

Aasen i dag

Det som kjem frå Hjartat, det gjeng til Hjartat.



Tilskipingar

Toradarkonsert
med Siri Nordgård.
Alle vekedagar på Mølstertunet.

Sommarkonsert
Duokonsert v/Margit Mørkve (vokal) og Per Kristian Larsen (akustisk gitar) i Vangskyrkja onsdag.

Flatbrødbaking
ved Voss bygdekvinneleg på Mølstertunet fredag.

Voss utferdslag
Tur til Vassfjoro søndag, i samarbeid med Ulvik turlag.

Kulturbeite

Har du eit arrangement som bør i kulturbeitet? Send e-post til redaksjon@avisa-hordaland.no

Konsert med Siri Nordgård på Mølstertunet kvar veke-dag i juli. Fredagar vert det i tillegg flatbrødbaking med Voss bygdekvinneleg. Voss kunstlag si sommarutstilling "The loud and quiet conversation" av Ingeborg Loven står i Voss kulturhus til 21. august. Open alle kvar-dagar.

JULI

31. Sommarkonsertane i Vangskyrkja. Duokonsert v/ Margit Mørkve (vokal) og Per Kristian Larsen (Akustisk gitar).

AUGUST

- 4.** Ope på Bergslitræet.
- 4.** Sommarkonsertane i Finnesloftet. Gabriel Fliflet.
- 7.** Sommarkonsertane i Vangskyrkja. Triokonsert; Catharina Chen (fiolin), Sara Chen (fiolin) og Ole Christian Haagenrud (flygel).
- 8.** Opningskonsert Nordaccor-dion i Osasalen. Friedrich Lips, Matti Rantanen, Jostein Stalheim.
- 9.** Nordaccordion. Lanse-ringskonserten Time of Life i Vangskyrkja. Geir Draugsvoll akkordeon og Mette Rasmussen klaver. Lidenskapleg argentinsk tango av Astor Piazzolla.
- 10.** Nordaccordion. operapub på Tre Brør Bar. Aleksander Nohr (baryton), Sigrid Vetleseter Bøe (sopran), Ida Løvli Hidle (akkordeon).
- 11.** Nordaccordion. Nasjonalromantisk fest på Stalheim Hotel.
- 11.** Ope på Bergslitræet.
- 11.** Nordaccordion. Elevkon-sert i Bakka kyrkje. Gratis-konsert.
- 11.** Nordaccordion. Konsert med Skadedyr i Voss kulturhus.

NordAccordion når

Torsdag i neste veke opnar den andre utgåva av Nord-Accordion, vår eigen store interna-sjonale akkordeon-festival. Det er berre å gle seg.

AKKORDEONFESTIVAL

– Debuten i fjor var ein solid suksess, med stor etterspurnad etter seminarplassar og med kjemperespons på konsertane.

Basen sjølv, strending og professor Geir Draugsvoll, er komen heim frå København for å losa festival nummer to trygt i hamn. Og saman med gode hjelparar, har han ikkje akkurat lagt lista lågare i år.

– Nei, du veit me startar på topp og så berre stig me. Lågare ambisjonar kan me ikkje ha! ler den joviale karen frå Bidne.

Etter den fyrste utgåva av NordAccordion, sa Draugsvoll at han og resten av teamet skulle evaluera og sjå på om dei skulle venta eitt år eller om dei skulle gå laus på ein ny med ein gong.

– Personleg var eg ikkje i tvil om at det rette var å knalla til med ein ny festival i år. Og no er me godt i gang med søknads-prosessar og slikt for neste års festival. Me er heldigvis i ein situasjon der me kan tenkja langsiktig, og det er bra.

Likeverdige

Den opphavlege ideen til Geir Draugsvoll og hans tidlegare student Ida Løvli Hidle var å skapa ein internasjonal sommarskule for akkordeontalent frå heile verda. Og når ein fyrst samlar nokre av verdas desidert leiande pedagogar og instrumentalistar, skulle det berre mangla at ikkje publikum skulle få høyra dei på konsertar òg. Så seminardelen og konsert-delen er to likestilte delar av festi-valen.

– Men reint praktisk for meg, vert nok mykje av min innsats og konsentrasjon lagt på gjennomføringa av konsertane. Det er heilt naturleg, for seminar-delen går sin gang på Ole Bull Akademiet. Eg vil forresten understreka at sommarseminaret er ope, og eg vonar fleire vossingar legg turen oppom Stren-gjarhaugen for å sjå og høyra. Me har trass alt pedagogar og instruktørar av absolutt beste sort, og 23 talentfulle studentar frå åtte nasjonar – faktisk femner me endå breiare enn i fjor, seier Geir.

Tre ikon

Når festivalleiaren seier dei startar på topp og så berre stig, er det nesten naturstridig å opna festivalen med tre levande legender og av dei største ikona som finst i toppen av det internasjonale akkordeon-miljøet. Ein russar, ein finne



NASJONALROMANTIKK: I år som i fjor vert det nasjonalromantiske perler med Hanzhi Wang og Geir Draugsvoll i majestetisk n



SENSUELL TANGO: Musikkparet Mette Andersen og Geir Draugsvoll skal fylla Vangskyrkja med argentinsk tango.



SOPRAN: Sigrid Vesleseter Bøe skal syngja operaperler og musikalsvisker.

og ein strending! Og dei tre kjenner kvarandre sjølv sagt frå fleire tiår attende. Og alle tre er gamle kjenningar og gode vener og kollegaer av Geir Draugsvoll.

Opningskonserten i Osasalen er med russiske Friedrich Lips, finske Matti Rantanen og strending Jostein Stalheim.

– Lips vil eg hevda er den pedagogen som har hatt mest å seia for utviklinga av akkordeon internasjonalt. Både han og den fire år yngre Matti Rantanen frå Finland har ikkje berre hatt stor innverknad på akkordeonkulturen i sine eigne land, der akkordeon er kjempestort, men også langt ut over landegrensene. Og Jostein Stalheim, som kanskje meir enn noko anna har skapt seg ein glitrande karriere som komponist og arrangør,

var mitt store idol då eg tok til å spela akkordeon. Jostein var ein av dei tidlege elevane til Olav Ullestad og nok medverkande til at eg drog til København for å studera akkkordeon. No har eg vore der i over 30 år!

Tango i kyrkja

Sjølv om administrasjonsbiten tek mykje av tida under festivalen, får Geir Draugsvoll også tid til å halda to konsertar på festivalen. Den fyrste er i Vangskyrkja, i duett med pianisten og kona Mette Rasmussen. Danske Mette har ein internasjonal karriere som solist og kammermusikar, og ho har gjeve ut CD-en Sentiments, med fransk klaver-musikk.

Musikken på kyrkjekonserten framførte duoen også på

Festspillene i Bergen. Det er musikken til den argentinske tangomeisteren Astor Piazzolla, og Vangskyrkja kjem til å verta fylt av heftig og sensuell tango neste fredag. På festspela hadde Geir også ein verbal bit, der han presenterte akkordeonet og instrumentet si historie og utvikling i kortform, men i Vangskyrkja vert det ein rein presentasjon av musikken på den ferske CD-en Time of Life, med 12 av Piazzolla sine meisterverk.

Studentane

Når ein samlar 23 store unge akkordeontalent til sommar-kurs, skulle det berre mangla at ikkje vossingar og andre får høyra litt av kva dei er gode for. Laurdagen vert det difor, som

nye høgder



natur på Stalheim.

FOTO: BJØRN SANDNES



OPERAPUB: Medarrangør Ida Løvli Hidle er sjefen på operapuben.



SKADEDYR: Det 12-manns og -kvinns store ensemblet Skadedyr har spelt på Vossa Jazz tidlegare.



NORSK LEGENDE: Jostein Stalheim.



FINSK LEGENDE: Matti Rantanen.



RUSSISK LEGENDE: Friedrich Lips.

i fjor, ein dagstur som startar med nasjonalromantisk fest på Stalheim Hotel og går vidare til Bakka kyrkje og elevkonsert der.

På Stalheim er det, som i fjor, meister Geir som spelar. Og, som i fjor, er det kinesiske Hanzhi Wang – ei ung superstjerne på instrumentet – som kompletterer duoen.

– Når du er på Stalheim, kan du ikkje spela anna enn nasjonalromantiske perler! Me veit ikkje om konserten vert innandørs eller utandørs, men uansett er kulissene magiske. Det vert nasjonalromantiske tonar frå Skandinavia, i tillegg til Argentina og kanskje Kina. Me spelar både saman og kvar for oss, fortel Geir. Begge desse to dagkonsertane er gratis.

Når veka er slutt og alt skal

oppsummerast, er det som det skal at studentane får syna kva dei har lært på ein heidundrande avslutningskonsert i Osasalen, tysdag 13. august.

Nye tilbod

Det er eit godt teikn når ein nystarta festival byr på nye musikalsk tilbod alt andre året. Det heilt nye tilbodet i år er av det uformelle slaget og skal gå føre seg i Tre Brør Bar. Der skal Ida Løvli Hidle, barytonen Aleksander Nohr og sopranen Sigrid Vesleseter Bøe opna Operapub på fredagskvelden, med kjende og vakre ariar, viser og musikalsvisker i ekte pubmiljø.

Når ein har Løvli Hidle på laget, får ein litt ekstra på kjøpet. Akkordeonisten er ein av 12 musikarar i ensemblet Ska-

dedyr, kjende for publikum på Vossa Jazz. Det nokså einestående ensemblet, der også vosingen og gitaristen Marius Hirth Klovning er med, held konsert i Voss kulturhus neste laurdag kveld.

Lunsjkonsertane i Voss Sparebank er også kjende frå Vossa Jazz, og no trør òg Nordaccor-dion til med ein gratis lunsjkonsert i dei flotte banklokala midt på dagen måndag. Igen dukkar kinesiske Hanzhi Wang opp, denne gongen saman med det kroatisket stortalentet Karla Sorcic. Karla er student på sommarkurset, i år som i fjor. Det har ho til felles med fleire andre av seminardeltakarane.

► **Nils Kvamsdal**
nk@avisa-hordaland.no



PÅ STAMNES: Ågot Gammersvik innleia vernissasjen i bedehuset fredag. Det var også starten på kulturdagane og fiskefestivalen med helga.

FOTO: JAN-EGIL DYVIK

– Ei fantastisk helg heime

– Eg er nesten mållaus når eg tenkjer på kor fantastisk helg eg har hatt, seier Annfrid Leikvoll, etter utstillinga ho hadde på Stamnes med helga.

► KULTURDAGAR

Då tenkjer ho ikkje fyrst og fremst på at ho måtte ein tur heim til Isdalstø for å henta fleire måleri.

Mange kom

– Det vart nok for lite det eg hadde med meg, så den sida av saka var over all forventing også, seier ho og smiler.

– Det var «stinn brakke», om ein kan seia noko slikt om bedehuset der utstillinga var, både laurdag og sundag. Og bygdefolket gav meg ein strålende mottaking, og eg fekk så mange og gode tilbakemeldingar, seier ho.

– Modig gjort

Vernissasjen var eigentleg opninga av kulturdagane og fiskefestival helga på Stamnes, der Ben I. Nordby tromma utstillinga i gang, og varaordførar Sigmund Simmenes stod for den offisielle opninga. Det var fløytespel og innleiing av Ågot Gammersvik, som også kjem frå Stamnes.

– Det er modig gjort av deg, bileta dine kan også lesast som ei dagbok, som du skriv livet ditt inn i, sa Gammersvik mellom anna.

Ein lidenskap

– Måling er vorten som ein lidenskap for meg, og eg auser av kjelda – og den gode arven eg har med meg frå barndomsåra i Leiro, fortale Leikvoll.

Me har barndommen med oss kvar me er, sa ho vidare. På turane sine i inn- og utland, ser ho heimbygda si i så mangt ho opplever.

– Ein gong var eg til Paris på ein inspirasjonstur, og då vart eg så minna om barndomen og turane med mor til Tjørnane, rett bak oss på fjellet her, fortalde Leikvoll.

Måla kjensler

Det er viktig å kjenna på kjenslene sine, å opna opp og måla dei ut.

– Det er det eg prøver på gjennom det eg målar, og det prøver eg også på å få elevane mine til å gjera. Anten det er i atelieret mitt heime ellar i klosteret i Italia der eg har gjeve kurs i 15 år no. Klosteret var som ein draum som gjekk i oppfylling, og det er viktig å halda på draumane sine og leva dei ut, sa Leikvoll.

To måleri i gåve

Ho avslutta innleiinga si med Olav H. Hauge sitt dikt – «Det er den draumen» – det innhaldet passa godt til både måleria og kunstnaren sjølv.

– Eg gav forresten to av bileta mine til bedehuset, som takk for alt eg fekk oppleve nett her, og som er og har vorte grunnlaget i livet mitt, seier Leikvoll.

► Jan-Egil Dyvik

jed@avisa-hordaland.no



VINKEL: Eit bilete kan sjåast frå fleire vinklar. Her eitt med tittelen «Oppreist», som vert noko litt meir og anna når ein viser det horisontalt.

FOTO: JAN-EGIL DYVIK